



Nordhordland Grunn og Betong AS  
Mongstadvegen 1000  
5954 MONGSTAD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/607 - 14/13267

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
09.09.2014

## Godkjenning - Løyve til bygging av tilkomstveg til Kårbøneset hyttefelt

**Administrativt vedtak. Saknr: 252/2014**

### **Saksutgreiing:**

#### Omsøkt tiltak:

Vi syner til søknad motteke 25.6.2013, samt etterfølgjande dispensasjons- og klagehandsaming knytt til søknad. Nordhordland Grunn og Betong AS har på vegne av Kårbøneset veilag søkt om løyve til bygging av tilkomstveg til Kårbøneset hyttefelt, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav (i). Vegen skal gå frå parkeringsplass på Kårbø ved gnr 52 bnr 5 frem til hyttefeltet på gnr 52 bnr 37.

I søknaden er det opplyst at vegen skal utførast i samsvar med linjeføring vurdert av Nord- og Midhordland Jordskifterett som den mest skånsame, og den skal opparbeidast i vegklasse 5 i «Normaler for landbruksveger» utarbeida for Landbruks- og matdepartementet.

Vedlagt søknaden er det sendt inn situasjonskart som viser ny avkjørsle og parkeringsplass, samt lengde- og tverrprofilar av planlagd tiltak.

Dispensasjon for tiltaket vart gjeve ved UDU-vedtak 11.3.2014, sak 19/2014, stadfesta etter klage av Fylkesmannen i Hordaland ved vedtak av 21.8.2014.

#### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med innsending av søknad om løyve til tiltaket og dispensasjon. Nabovarslinga i saka er tilstrekkeleg og i samsvar med krava i pbl § 21-3.

### **Vurdering:**

#### Lov- og planstatus:

Området er i arealdelen til kommuneplanen vist som LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsområde). Gjennom dispensasjonsvedtaket nemnd ovanfor er alle delar av tiltaket avklart i høve til lov- og plangrunnlaget. Mottekne nabomerknader og protestar mot vegen er vurdert i samband med dispensasjons- og klagehandsaminga av saka. Desse tilhøva er det ikkje grunn for kommunen til å vurdere annleis i dag, og det vert vist til vurderingane i dispensasjonsvedtaket.

#### Utforming, utsjånad og plassering:

Kommunen vurderer at omsøkt tiltak etablerer hensiktsmessig kjøretilkomst og parkering som stettar naudsynte krav til funksjon, utsjånad og utforming, jf pbl § 30-4, jf pbl §§ 29-1 og 29-2.

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagte situasjonskart og profilteikningar stempla godkjend 8.9.2014.

#### Veglova § 40 – Godkjenning av ny avkjørsle:

Tiltaket inneber ikkje løyve til etablering av nye fritidsbustader i hyttefeltet på Kårbøneset, men fører til at det vert bygd ny avkjørsle til kommunal veg på staden og at fleire vil få biloppstillingsplassar ved hyttene sine. Tiltaket krev difor godkjenning etter veglova § 40.

Meland kommune ser positivt på etablering av ny avkjørsle, som vil innebere i betring av dagens situasjon. Eksisterande avkjørsle er bratt og har medført tilsig av vatn og grus til den kommunale vegen. Kommunen stiller som vilkår for godkjenning av ny avkjørsle at dagens avkjørsle vert stengt. Vilkåret vert stilt av omsyn til trafikktryggleiken på staden i medhald av veglova § 40.

#### Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt:

<b>Føretak:</b>	<b>Godkjenningsområde for ansvar:</b>
Nordhordland Grunn og Betong AS Org.nr 990 193 975 Sentral godkjenning	PRO, hele tiltaket (tkl 1)  UTF, hele tiltaket (tkl 1)

#### Privatrettslege tilhøve:

Nedanstående vedtak inneber at tiltaket er handsama etter plan- og bygningslova sitt regelverk og er avklart i høve til arealføremål og krav til tiltaket. Privatrettslege tilhøve ligg utanfor det kommunen skal ta stilling til ved søknadshandsaminga. Kommunen har vurdert, men ikkje funne grunnlag for å avvise søknaden, jf pbl § 21-6.

## **Vedtak**

Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 løyve til bygging av ny tilkomstveg og parkeringsplass i samsvar med søknad motteke 25.6.2013. Plassering av tiltaket skal vere som vist på vedlagte situasjonskart og profildeikningar stempla godkjent 9.9.2014.

Meland kommune gjev i medhald av veglova § 40 løyve til bygging av ny avkjørsle og bruk som tilkomstveg til eksisterande fritidsbustader i samsvar med søknad motteke 25.6.2013. Tiltaket skal utførast som vist på vedlagt situasjonskart stempla godkjent 9.9.2014. Som vilkår for løyvet krev Meland kommune at eksisterande avkjørsle vert stengt.

Løyvet fell bort dersom tiltaka ikkje er sett i gong innan tre år eller dersom tiltaka vert innstilt i lengre tid enn to år, jf. pbl. § 21-9. Tiltaka skal elles utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av Plan- og bygningsloven, så fram det ikkje er gitt unntak.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningsloven og veglova, og etter delegert fullmakt frå rådmannen».

Vedtaket kan påklagast i medhald av Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Kårbøneset veilag

Myrdalsskogen 5117  
483

ULSET

**Mottakere:**

Nordhordland Grunn og Betong AS    Mongstadvegen    5954  
1000

MONGSTAD